

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 5/2023 | **Klokkeslett:** 0900 - 1200 | **Dato:** 25.05.2023

Møtested: Vestlandshuset

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 25.05.2023

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Nina Bognøy	Varaordfører, Alver kommune
	Trine Lindborg	Ordfører, Bjørnafjorden kommune
	Ingrid Nergaard-Fjeldstad	Byråd, Bergen kommune
	Siv Høgtun	Ordfører, Askøy kommune
	Kjell Kvingedal	Direktør, Statsforvaltaren
	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, Statens vegvesen
	Solveig Paule	Direktør, Jernbanedirektoratet
	Tom-Georg Indrevik	Ordfører, Øygarden kommune
	Jon Askeland	Fylkesordfører, Vestland fylkeskommune
<i>Andre deltakarar</i>	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes	Alver kommune
	Jannicke Sem-Onarheim	Bjørnafjorden kommune
	Anne-Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Knut Natlandsmyr	Askøy kommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Jostein Fjærestad	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Øivind Støle	Jernbanedirektoratet
	Malin Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Roald Aandahl	Kommune
	Ragnhild Dalsbø	Vestland fylkeskommune
	Anders Kjetland	Miljøløftets sekretariat
Kristoffer Sandvik Monsen	Miljøløftets sekretariat	
Eva Mari Pettersen	Miljøløftets sekretariat	

Sak 50/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjende.

Sak 51/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.04.2023

Vedlegg 1

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 52/23 Behov for auka bruk av post 30-midlar FV552 Hatvikvegen

Saka var løfta av Bjørnafjorden kommune. Kommunen spurde om å få auke bruken av kommunen sine post 30-midlar for å sørge for at tiltaket «Etablering av trafiksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen» (FV 552 Hatvikvegen) kan starte opp. Prosjektet er svært viktig for både kommunen og fylkeskommunen, og er del av Handlingsprogram 2024-2027. Med dette vedtaket vil Vestland fylkeskommune vere klare for anleggsstart hausten 2023. Behovet for midlane vil gjelde tidlegast for 2025 og vil kunne bli detaljert og innarbeidd gjennom rulleringa av handlingsprogram 2025-2028.

Sekretariatet minna gjennom saksframlegg om at statlege post-30 midlar ikkje kan nyttast til planlegging og prosjektering. Desse føringane blir lagt til grunn for bruken av pengane.

Vedtak: Miljøløftet si styringsgruppe sluttar seg til å auke tildeling til prosjektet «Etablering av trafiksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen» med statlege programområdemidlar for å dekke også det private bidraget. Ut over tilskotet frå Bjørnafjorden kommune, blir tiltaket med dette fullfinansiert av statlege midlar. Endringane blir arbeidd inn i handlingsprogram 2025 – 2028.

Sak 53/23 Byggeplasskilt som del av kommunikasjonen i Miljøløftet

Anders Kjetland, sekretariatet, presenterte eit forslag om meir systematisk bruk av byggeplasskilt og banner for å få fram prosjekta i Miljøløftet betre. Dette er eit nyttig grep for å profilere resultat av Miljøløftet-samarbeidet og å synleggjere kva vi bygger overfor innbyggjarane. Det blei óg foreslått ny praksis om å henge opp eit varig skilt eller plakett etter opning, der dette lar seg praktisk gjennomføre. Dette gir varig dokumentasjon for reisande og besøkande på prosjekt som er realiserte gjennom Miljøløftet.

Kostnadene til byggeplasskilt og eventuell varig plakett blir dekte som del av prosjektet, der entreprenør får ansvar for bestilling og oppsetting. Byggherre blir oppmoda om å implementere rutinane og å sørge for at slike skilt blir del av utlysinga.

Vedtak: Styringsgruppa stiller seg bak forslaget og ber partane om å sørge for at krav om byggeplasskilt blir del av utlysing av nye Miljøløftet-prosjekt.

Sak 54/23 Oppdaterte rutinar for opningar

Miljøløftet har rutinar for opningar, som har vore retningsgivande for dei fleste opningsarrangementa i partnerskapen. Rutinane har ikkje vore oppdaterte sidan 2018 og sekretariatet føreslår derfor mindre endringar i rutinane, mellom anna for å ivareta endringane etter regionreforma, og at det i dag er ni partar.

Styringsgruppa ba om nokre endringar knytt til representasjon, som blir innarbeid i dei endelege rutinane.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Dei føreslegne endringane blir innarbeidd i rutinane.

Sak 55/23 Planlagde møter i Miljøløftet

Sekretariatet la fram forslag til møtedatoar til hausten, saman med dato for politisk seminar i januar. Det var feil i utsende møtepapir. Korrekte datoar er lista under:

Fredag 22. september

Fredag 3. november

Onsdag 6. desember

Politisk seminar 2024 blir sett til onsdag 10. januar 2024.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 56/23 Sykkelteljing og sykkel tunnel

Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, informerte om teljing i Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen.

Typen utstyr som er installert i dei nye tunnelane er annleis enn anna teljeutstyr, og det er derfor trong for ein formell prosess for å godkjenne og integrere dataa i sykkelindeksen. Det trengst to år med tal før dei kan bli del av indeksen. Kameraa tel både gåande og syklande.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 57/23 Reisevaneundersøking og Byindeks

Oskar Kleven og Tor-Erik Lian, Statens vegvesen, presenterte resultat frå Reisevaneundersøkinga og frå Byindeksen.

Byindeksen har nedgang i trafikken samanlikna med referanseåret. Grafen peikar no noko oppover, og det er trong for å følgje med på utviklinga frametter. Reisevaneundersøkinga viser at det er endra samansetting av trafikken. Privatreisene har ikkje auka, men moglegvis næringstransport, kombinert med endra køyremønster.

Fleire av partane understreka behovet for tal som i større grad lar seg bryte ned på enkeltkommunar og -problemstillingar, for at desse skal kunne brukast godt i lokal planlegging. Det er ei forventning om å få eit uttrekk som kan brukast. Det blei oppmuntra til at Statens vegvesen ser vidare på moglegheitene for andre måtar å gjennomføre undersøkinga på i framtida. Malin Lerudsmoen, Statens vegvesen, understreka at også vegdirektøren er oppteken av å forbetre dette frametter.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 58/23 Kollektivtal

Utviklinga i kollektivbruk innanfor avtaleområdet blir presentert i styringsgruppa jamleg. Målfrid Vik Sønstabø, direktør for Skyss, presenterer oppdaterte tal frå buss, bybane og

båt. Øivind Støle, Jernbanedirektoratet, orienterer om oppdaterte tal frå togtrafikken. Jernbanedirektoratet satsar på datadeling og vil bidra med meir oppdaterte og i større grad fortløpande tal i framtida.

Samla sett har det vore ein auke i bruk av kollektiv ut frå Fyllingsdalen etter opninga av bybanens linje 2. Det har og vore ei positiv utvikling på båtreiser. Inntektene følger ikkje same utviklinga. Dette skuldast at billettane blir brukt annleis, med fleire byter per tur, enn før.

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen kommune, trakk fram bekymring for at nokre av rutetilboda ikkje har god nok kapasitet. Ho bad om at desse linjene blir identifiserte til neste møte, og at fokus blir retta mot desse, spesielt fram mot kampanjen om reduserte billettprisar til hausten. Tom Georg Indrevik, Øygarden, spurde om Skyss har vurdert større bussar. Med behov for større kapasitet, kan dette vere ei løysing. På Sotrasambandet er det framleis mogleg å endre svingradius og lengde på haldeplassar, der det er behov for dette.

Når Skyss presenterer sine tal, inngår ikkje tog. Miljøløftet har derfor høgare kollektivbruk, og det var ønskje om å framstilt kollektivtal frå buss, bybane, båt og tog i same oversikt.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Ei sak om kapasitet på kollektivlinjene blir lagt fram i eit kommande møte.

Sak 59/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Sykkelveg Kaigaten

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen kommune, viste til at det etter opninga av sykkelvegnettet over Mindemyren, har gjort overgangen til sentrum spesielt brå. Det er behov for ei midlertidig overgangsløysing mellom Statens hus og Kaigaten/ Gulating. Kommunen ønsker at det blir sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærmare på kortsiktige løysingar for dette strekket.

Vestland fylkeskommune svara at desse spørsmåla og har blitt løfta frå politisk hald i fylkeskommunen. Bergen kommune og Vestland fylkeskommune tar saman initiativ til ei slik arbeidsgruppe.

Takstsoner

Trine Lindborg, Bjørnafjorden kommune, løfta problemstillinga om at dette er den einaste kommunen i Miljøløftet som er delt i to kollektivsoner, og at dette ikkje er haldbart lenger. Dette blir ikkje oppfatta som rettferdig for innbyggjarane i Bjørnafjorden. Ho har hatt ei forventning om at saka etter kvart skulle vore løyst og er skuffa over dette ikkje har blitt behandla i år.

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, meldte at ein politisk sak om dette er på veg. Han minna og om at takstsonesystemet er så komplekst innretta at resultatet kan bli konsekvensutgreiing av dette. Her minna Bergen kommune om at sjølv om dei forstår behovet til Bjørnafjorden, så har takstsonene vore vanskelege for kommunen, og med ein slik gjennomgang kan diskusjonen om ein eigen Bergenstakst også vere aktuell igjen.

Tenk Tromsø

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, orienterte om at styringsgruppa for Tenk Tromsø skal ha eit ordinært styringsgruppemøte i Bergen, med påfølgande synfaring i Fyllingsdalstunnelen.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 60/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt

Utviklinga av bompengainntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa jamleg. Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, presenterte oppdaterte tal på trafikk og inntekt.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 61/23 Eventuelt Bypakke Bergen

Endring i takstretningslinene

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, orienterte om endring i retningslinjene for timeregulering i passering av bompengepunkt. Tidlegare har det vore krav om brukaravtale/ brikke for å passere fleire snitt innanfor ein time, men betale for ei passering. Med endringane som no er innført, skal dette gjelde for alle passerande. Registrering blir gjort via bilskilt. Bakgrunnen for dette er at ordninga skal bli meir rettferdig.

Det er førebels ikkje gjort berekningar av kva dette vil seie for inntektene i Bypakke Bergen.